Sjukmeldte på fyrste halvår 4,71%

Utvikling sjukefråvær frå januar 2019



Bemanning i Lærdal kommune

Tal årsverk 219,5

Tal tilsette 272

Gjennomsnittlig stillingstørrelse i Lærdal kommune september 2019 80,7%

Kostnad ved fråvær i Lærdal kommune

Fråværskostnad siste 12 månader kr 5 802 340

Gjennomsnittleg pr mnd. Kr 483 528

Ledige stillingar og permisjonar:

PLO

Lyst ut 100% sjukepleiar/vernepleiar. Frist 15. november. Ein søkjar, men den er ikkje aktuell.

Vurderer om den skal lysast ut på ny.

Soneleiarar i PLO

Desse to stillingane er lyst ut på ny, med frist 13. desember. Pr no ingen søkjarar.

Teknisk

Einingsleiar teknisk, to søkjarar etter fyrste utlysning.

Andre gongs utlysning, 7 søkjarar. Intervju 18. november, me kallar inn 5 til fyrste intervju.

Tre var inne til andregongs intervju torsdag 28. november. Vil legge fram innstillinga i møtet.

Felles kommunepsykologar for Årdal, Lærdal og Aurland

Mads Rekve er tilsett, startar 01. januar 2020.

Øystein Sande har sagt ja til stilling som kommuepsykolog. Vil starte medio februar.

Medarbeidarundersøking, status 10-faktor, er sendt ut med svarfrist 3. desember. Vil legge fram svarprosenten i møtet.



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
098/19	Kommunestyret	12.12.2019
172/19	Formannskapet	05.12.2019

Sakshandsamar: Lars Bogstad	Arkiv:	Arkivsaksnr. 19/1354 - 4
-----------------------------	--------	--------------------------

Overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane

Kort samandrag:

Lærdal kommune får tildelt 2,9% av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS i samband med at Sogn og Fjordane fylke og Hordaland fylke slår seg saman til Vestland fylke. Fylkestinget i Sogn og Fjordane har vedteke at 80% av aksjane skal overførast til kommunane i dagens Sogn og Fjordane fylke som vil vere ein del av Vestland fylke frå 1. januar 2020.

Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommune godkjenner signert gåvubrev og får vederlagsfritt overført aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Lærdal kommune godkjenner for sin del aksjonæravtalen i Sogn og Fjordane Holding AS.

05.12.2019 Formannskapet

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken

FS-172/19 Vedtak:

Rådmannen si tilråding:

Lærdal kommune godkjenner signert gåvebrev og får vederlagsfritt overført aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Lærdal kommune godkjenner for sin del aksjonæravtalen i Sogn og Fjordane Holding AS.

12.12.2019 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-098/19 Vedtak:

Lærdal kommune godkjenner signert gåvebrev og får vederlagsfritt overført aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Lærdal kommune godkjenner for sin del aksjonæravtalen i Sogn og Fjordane Holding AS.

Vedlegg:

Aksjonæravtale.pdf

Overføring av aksjar i Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane.pdf

0496_001

Aktuelle lover

Kommunelova § 11-8

Saksutgreiing

Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune vert slått saman til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020. I samband med samanslåinga har Sogn og Fjordane fylkeskommune vedteke å overføre 80% av aksjane sine i Sogn og Fjordane Energi AS til primærkommunane i Sogn og Fjordane. Dette vert gjort ved at primærkommunane overtek 80% av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS. Desse aksjane er definerte som B-aksjar som vil seie at dei ikkje har stemmerett.

Verdiane i selskapet er tett knytte til kraftutbyggingar i Sogn og Fjordane som har gått føre seg i primærkommunane. Fylkeskommunen ynskjer at verdiane av kraftutbyggingane skal kome primærkommunane til gode og at verdiane vert best ivaretekne gjennom eit stabilt og

varig eigarskap. Føremålet med aksjonæravtalen er å sikra eit stabilt og varig eigarskap med lokal forankring.

Gåvebrevet er signert innan fristen i samråd med ordførar. Gåvebrevet er signert som hastesak og vert lagt fram for kommunestyret til orientering i første møte.

Økonomiske konsekvensar

Rådmannen vurderar at 2,9% av aksjane i Sogn og Fjordane Holding AS vil kunne gje eit utbytte på kr 1-1,5 mill i året.

Vurdering

Overføringa av aksjar frå Sogn og Fjordane Holding AS til kommunane i Sogn og Fjordane sikrar at kraftverdiane som fylkeskommunen eig vert verande i Sogn og Fjordane. Rådmannen meiner at dette er positivt for regionen og kommunane. Rådmannen tilrår at Lærdal kommune godkjenner signert gåvebrev og godkjenner aksjonæravtalen.

Framlegg frå Janne Marie Reppen (AP):

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Formannskapet sitt framlegg med endringar vart samrøystes vedteke

KS-085/19 Vedtak:

1. Driftsbudsjettet blir vedteke i samsvar med driftsoversikt samt skjema 1A og 1B i budsjettdokumentet
2. Investeringar med finansiering blir vedteke med investeringar 2020 samt skjema 2A og 2B i budsjettdokumentet.
3. Lærdal kommune bevilgar kr 2 654 000,- som tilskot til Lærdal sokneråd
4. Innteksskatt og formueskatt blir sett i samband med vedteke statsbudsjett. Marginavsetjinga blir sett til 10% av innbetalt skattebeløp.
5. For eigedomsskatteåret 2020 skal det skrivast ut eigedomsskatt på kraftverk, vindkraftverk, kraftnett, og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, fj. Eigedomsskattelova (esktl.) § 3 første ledd bokstav c. For eigedomsskatteåret 2020 skal det vidare skrivast ut eigedomsskatt på bygningar og grunnareal for verk og bruk som frå og med 2019 vart klassifisert som næringsseigedom, så langt desse var omfatta av eigedomsskattegrunnlaget for verk og bruk 2018 jf. Overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 andre ledd.
Eigedomsskatten forfell til betaling 30. mars og 30 september. Eigedomskattesats for skatteåret 2020 er 7 %
6. Rådmannen får fullmakt til å fordele midlar frå avsett til lønsreguleringsfond til einigane når lønsoppgjering for 2020 er klart.
7. Rådmann får fullmakt til å disponere avsetning til vedlikehaldsfond.
8. Prisar og gebyr blir vedteke i samsvar med prisar og gebyr 2020 som ligg vedlagt.

9. Renovasjon- og slangebyr til Simas IKS vert auka i tråd med framlegget frå representanskapet i Simas. Framlegget ligg ved.

10. Det vert teke opp lån til investeringar med kr 41 666 000,- Rådmannen får fullmakt til å inngå lånevilkår.

Lærdal formannskap gjer følgjande endringar i rådmannen sitt budsjettframlegg og konsekvensane av endringane vert teke over avsetning til disposisjonsfond.

1. Ansvar 131: Lærdal kommune seier ikkje opp jordmoravtalen med Helse Førde HF
2. Ansvar 131: Administrasjonen får i oppdrag å leggje fram ei samla vurdering av fysioterapitenesta med sikte på eventuelle budsjettkonsekvensar for 2021.
3. Ansvar 100: Lærdal kommune innfører politiske utval frå 1.7.2020 for å involvera fleire lokalpolitikarar i styringa av kommunen. Det blir sett av kr 100 000 til honorar med meir til å dekkja innføringa.
4. Ansvar 110: Det blir ikkje lagt opp til stilling som assisterande rådmann i 2020. Før dette spørsmålet kan behandlast, ønskjer formannskapet ein gjennomgang av innsparingar på leiarsida ved innføringa av administrativ tonivåmodell . Budsjett vert redusert med kr. 300 000 som følgje av dette.
5. Ansvar 129: Symjeundervisning mellomtrinnet vert ikkje redusert frå 01.01.2020. Ansvar 129 vert auka med 45 000. Det vert føresett at kr. 20 000 vert dekkja av flyktningfondet.
6. Kommunehuset i Borgund vert tilført 300 000 som kommunal del av naudsynt opprusting.
7. Budsjettpost: Kosen - riving kr. 700 000 vert teke ut av investeringsbudsjettet.

Dette gjev følgjande endringar:

Punkt 1 vert endra i samsvar med vedteken driftsoversikt 2020 samt skjema 1A og 1B.

Punkt 2 vert endra i samsvar med investeringsoversikt vedteke i Kommunestyresak 086/19 samt skjema 2A og 2B.

Punkt 10. Lånebeløpet er endra frå kr 41 666 000 til kr 55 655 000. Rådmann får fullmakt til å inngå lånevilkår.

Dette gjev følgjande taloppstilling:

Driftsbudsjett 2020	Endra budsjett 2019	Prognose 2019	Årsbudsjett 2020. Framlegg frå administrasjon	Budsjett 2020 Vedtak i 14.11 i FSK	Budsjett 2020 Vedtak i 05.12 i FSK	Budsjett 2020 Vedtak 12.12 i KS
Skatt på inntekt og formue	71 895 000	74 225 000	74 863 000	74 863 000	74 863 000	74 863 000
Ramme tilskot	71 954 000	71 925 000	74 501 000	74 501 000	74 501 000	74 501 000
Eigedomsskatt - verker og bruk	13 000 000	11 806 288	14 400 000	14 400 000	14 400 000	14 400 000
Rente kompensasjon eldreomsorg / tilskot	668 000		669 000	669 000	669 000	669 000
Rente kompensasjon skule / tilskot	107 000		107 000	107 000	107 000	107 000
Konsesjonsavgift (inntekt)	7 402 000		7 402 000	7 402 000	7 402 000	7 402 000
Konsesjonskraft netto	12 700 000	13 200 000	16 500 000	16 500 000	16 500 000	16 500 000
SUM FRIE INNTEKTER	177 737 000		188 442 000	188 442 000	188 442 000	188 442 000
Renteinntekter	550 000		550 000	550 000	550 000	550 000
Utbyte SFE	1 500 000		1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Utbyte - Okken Kraft A/S	5 000 000		7 000 000	7 000 000	7 000 000	7 000 000
Renteutgifter lån	-6 000 000		-6 700 000	-6 700 000	-6 700 000	-6 700 000
Netto renteutgifter/inntekter	1 050 000		1 850 000	1 850 000	1 850 000	1 850 000
Mottokne avdrag på lån	100 000		100 000	100 000	100 000	100 000
Avdragsutgifter lån	-12 000 000		-13 100 000	-13 100 000	-13 100 000	-13 100 000
Netto avdragsutgifter	-11 900 000		-13 000 000	-13 000 000	-13 000 000	-13 000 000
NETTO RENTE- OG AVDRAGSUTGIFTER	-10 850 000		-11 150 000	-11 150 000	-11 150 000	-11 150 000
TIL FORDELING	166 887 000		177 292 000	177 292 000	177 292 000	177 292 000
Til driftsrammer:						
Ansvar 100 - Politisk styring og kontroll	3 192 000	3 368 698	3 386 000	3 486 000	3 486 000	3 486 000
Ansvar 110 - Rådmann	2 635 000	2 620 000	2 877 900	2 577 900	2 577 900	2 577 900
Ansvar 111 - Kyrkja og andre trussamfun.	2 820 000	2 820 000	2 764 700	2 764 700	2 764 700	2 764 700
Ansvar 112 - Næringsforerå			-			
Ansvar 113 - Stab/støtte	12 982 000	12 802 175	12 959 600	12 959 600	12 959 600	12 959 600
Ansvar 114 - Plan og forvaltning	1 778 500	1 228 191	1 639 000	1 639 000	1 639 000	1 639 000
Ansvar 115 - Eigdomsforvaltar	-1 323 500	-1 220 411	-1 632 400	-1 632 400	-1 632 400	-1 632 400
Ansvar 116 - Landbruk	1 690 000	1 549 475	1 726 900	1 726 900	1 726 900	1 726 900
Ansvar 120 - Børgund oppvekstenter	6 100 000	6 071 912	6 330 000	6 330 000	6 330 000	6 330 000
Ansvar 123 - Lærdalsøyri barnehage	11 510 000	10 959 256	11 808 500	11 808 500	11 808 500	11 808 500
Ansvar 129 - Lærdalsøyri skule	22 300 000	22 164 504	22 285 800	22 285 800	22 330 800	22 330 800
Ansvar 130 - Bar og miljøteneste	15 250 000	15 127 700	14 944 000	14 944 000	14 944 000	14 944 000
Ansvar 131 - Helse	6 197 000	6 638 498	6 463 500	6 463 500	6 463 500	6 463 500
Ansvar 132 - NAV kommune	3 435 000	3 430 000	3 687 300	3 687 300	3 687 300	3 687 300
Ansvar 133 - Pleie og omsorg	35 250 000	36 083 311	35 058 800	35 058 800	35 058 800	35 058 800
Ansvar 134 - Barnevern	5 130 000	5 000 000	5 029 400	5 029 400	5 029 400	5 029 400
Ansvar 135 - Flyktningteneste						
Ansvar 136 - Sogn LMS	3 736 000	3 570 300	4 044 800	4 044 800	4 044 800	4 044 800
Ansvar 137 - Matforsyning	3 569 000	2 860 631	3 499 000	3 499 000	3 499 000	3 499 000
Ansvar 151 - Kultur og formidling	4 396 000	4 452 544	5 858 400	5 858 400	5 858 400	5 858 400
Ansvar 162 - 164 Teknisk drift	15 113 600	15 073 259	16 671 900	16 671 900	16 671 900	16 671 900
Ansvar 168 - sjølvkost vatn og avløp			-			
Ansvar 176 pensjon ufordelt						
Avsetning til lønsreguleringsfond		2 200 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000	3 300 000
Sum fordelte til driftsrammer	155 800 600	156 800 043	162 904 100	162 704 300	162 749 100	162 829 300
Disposisjonar:						
Avsetning til disposisjonsfond	-2 234 400		-5 035 900	-5 235 900	-5 190 900	-5 110 900
Avsetning til næringsfond (konesjonsavgift)	-7 402 000		-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000	-7 402 000
Avsetning til næringsfond (mottokne avdrag)	-100 000		-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Avsetning til fond (mottokne renter)	-350 000		-350 000	-350 000	-350 000	-350 000
Avsetning til auke pensjonskostnader	-500 000		-900 000	-500 000	-500 000	-500 000
Midlar til vedlikehaldsfond	-500 000		-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Avsetning til ressurskrevjande brukarar						
Avsetning til prosjektorganisasjonsutvikling				-		
Bruk av disposisjonsfondet						
Overføring investeringsbudsjett (driftsoverskot)						
Netto disposisjonar	-11 086 400		-14 387 900	-14 587 900	-14 542 900	-14 462 900
Balanse	-		-	-	-	-

Investeringsbudsjett

	Budsjett	Overførte	Nye investeringar	Samla investeringar
	2019	Investeringar frå 2019 vedtak 05.12	2020	Budsjettet 2020
Lokal Ikt plattform	450 000		550 000	550 000
Oppvekst	400 000		100 000	100 000
Elev PC/nettbrett	600 000		400 000	400 000
Genica mobil pleie plattform	150 000			-
NY visma modul	100 000	100 000		100 000
Nettverks utstyr	150 000		100 000	100 000
Acos oppdatering versjon 7.1 og eigendom	200 000	100 000		100 000
Flaumsikring Lærdalsøyri - Lærdal sin del	500 000		500 000	500 000
Utleie bustader NAV	3 500 000			-
Omsorgsbustader - om bygging aldersheimen	4 300 000			-
Varmepumpe/fjernvarme	5 600 000	4 370 000		4 370 000
Oppgradering av kommunale bruer	1 250 000		2 750 000	2 750 000
Lager (lager/personalfunksjonar) Bergø Halvdel	1 625 000			-
Trafikkryggeleik Snuplass buss Saltkjelen	700 000	465 000		465 000
Trafikkplan Oppvekst Lærdalsøyri	750 000	450 000	750 000	1 200 000
Trafikkryggeleik skuleveg	500 000			-
Næringsområde Håbakken 1	15 000 000	10 600 000	7 000 000	17 600 000
Arealeffektivisering Lærdal Rådhus	300 000		500 000	500 000
Saltkjelen Bustadfelt	500 000	300 000		300 000
Saltkjelen Bustadfelt – grunnarverv og opparbeiding			4 000 000	4 000 000
Bustadtomtar Lærdalsøyri	500 000	200 000	2 000 000	2 200 000
Opprusting Kultursal	800 000	800 000		800 000
HMS brann	8 500 000	8 500 000		8 500 000
Mindre investeringar	1 300 000			-
Borgund s amfunns hus renovering			300 000	300 000
Buss parkering og andre infrastrukturtiltak for gjennomreisande			1 000 000	1 000 000
Trafikkryggeleik – diverse tiltak			250 000	250 000
Skred-/flaumsikring bustadhus kommunen sin del			1 500 000	1 500 000
Prosjekt Lærdal Sjøfront			1 000 000	1 000 000
Ny parkeringsplass/tur-start Ofta			250 000	250 000
Utstyr instruksjonskjøkken			120 000	120 000
Nytt bibliotek			2 000 000	2 000 000
Ny ungdomsklubb			1 500 000	1 500 000
Flytting psykisk helse			600 000	600 000
KORO-prosjekt			200 000	200 000
Kontor plassar helsesenter			300 000	300 000
Universell utforming lege og fysioterapi			200 000	200 000
Medisinsk utstyr i legekontoret			150 000	150 000
Lys parkeringsplass Borgund			200 000	200 000
Kal Habben overtaking			1 500 000	1 500 000
SD-anlegg			250 000	250 000
LED-gatelys			300 000	300 000
Lysprosjekt			300 000	300 000
Lyssetting Lærdalsøyri ks. sak 82/19		200 000		200 000
Løyse ut festekontrakt LØS				-
Totalt andre investeringar	47 675 000	25 885 000	30 570 000	56 655 000
Aksjar:				
Eigen kapitalinnskott KLP	772 097		900 000	900 000
Totalt aksjar	772 097	-	900 000	900 000
Sjølvkostområde:				
Hovudplan avløp	8 100 000	5 000 000	8 000 000	13 000 000
Lager (lager/personalfunksjonar) Bergø Halvdel	1 300 000	1 300 000		1 300 000
Hovudplan vassforsyning	11 100 000	8 100 000	11 000 000	19 100 000
Totalt sjølvkost	20 500 000	14 400 000	19 000 000	33 400 000
Totalt investeringa	68 947 097	40 285 000	50 470 000	90 955 000

Kontrollutvalet i Lærdal

Skisse til arbeidsmøte

Risiko og vesentlegheitsvurdering av kommunen si verksemd. Forslag til planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for planperioden 2020-2023

Februar
2020
UTKAST

Innhald

Dagsplan

1. Kvifor dette møte?
 - Kontrollutvalet sitt ansvar
 - Kva er ein risiko og vesentlegheitsvurdering (overordna analyse)
2. Korleis arbeidet skal bli gjennomført – plan
 - Stegvis framgangsmåte og involvering
 - Nærare om risiko – og vesentlegheitsvurdringa: prosess og område
 - Utforming av plan for forvaltningsrevisjon
 - Utforming av plan for eigarskapskontroll

Dagsplan - forslag

Tidspunkt	Aktivitet	Kven møter
09.00-09.15	Innleiing	Kontrollutvalet
09.15-09.45	Møte med gruppeleiar Senterpartiet,	Kontrollutvalet, gruppeleiar SP
09.45-10.15	Møte med gruppeleiar AP,	Kontrollutvalet, gruppeleiar AP
10.15-10.45	Møte med gruppeleiar Høgre,	Kontrollutvalet, gruppeleiar H
10.45-11.00	Oppsummering/pause	Kontrollutvalet
11.00-11.30	Møte med gruppeleiar SV	Kontrollutvalet, Gruppeleiar SV
11.30-12.00	Ordførar Audun Mo	Kontrollutvalet, Audun Mo
12.00-12.30	Lunsj	
12.30-13.00	Hovudverneombod	Kontrollutvalet, hovudverneombod
13.00-13.30	Møte med tenesteleiar Teknisk drift	Kontrollutvalet,
13.30-14.00	Møte med tenesteleiar Plan og forvaltning	Kontrollutvalet,
14.00-14.30	Møte med tenesteleiar Pleie og omsorg	Kontrollutvalet,
14.30-14.45	Oppsummering/pause	Kontrollutvalet
14.45-15.15	Tenesteleiar for ein skule/tenesteleiar for ein barnehage	Kontrollutvalet,
15.15-15.45	Oppsummering i kontrollutvalet	Kontrollutvalet

Kvifor dette møtet?

1

Kontrollutvalet sitt ansvar - forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd. Denne forvaltningsrevisjonen skal vere basert på ein plan for gjennomføring, som skal utarbeidast for kvar valperiode. Plan for forvaltningsrevisjon skal vedtakast av kommunestyret. Sjå vedlagt lovtekst frå kommunelova:

§ 23-3 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regelletterlevelse, måloppnåelse og virkningar ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Ut frå dette må kontrollutvalet legge ein plan for gjennomføring av risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunen si verksemd med sikte på å lage ein prioritert plan for forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet sitt ansvar - eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført eigarskapskontroll av kommunen sine eigarinteresser. Eigarskapskontrollen skal vere basert på ein plan for gjennomføring, som skal utarbeidast for kvar valperiode. Plan for eigarskapskontroll skal vedtakast av kommunestyret. Sjå vedlagt lovtekst frå kommunelova:

§ 23-4. *Eierskapskontroll*

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Ut frå dette må kontrollutvalet legge ein plan for gjennomføring av risiko- og vesentlegheitsvurdering av kommunen sine eigarinteresser med sikte på å lage ein prioritert plan for eigarskapskontroll.

Kva er ei risiko- og vesentleigheitsvurdering?

- Føremålet med ein risiko- og vesentleigheitsvurdering er å få fram relevant informasjon om verksemdsområda og eigarinteressene til kommunen, slik at det er muleg for kontrollutvalet å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Med risiko meiner vi her faren for avvik frå t.d. regelverk. Med vesentleigheit meiner vi her kor stor effekt har det (kor alvorleg er det) om noko går gale på eit verksemdsområde.
- Risiko- og vesentleigheitsvurderinga bør såleis munne ut i ei oppsummering som viser dei verksemdsområda kommunen driv og dei selskapa som kommunen har eigarskap i der det er størst risiko for avvik, samt der avvik vil få stor effekt.
- Får ein til ei god risiko- og vesentleigheitsvurdering vil ein såleis ha eit godt grunnlag for å prioritere kva forvaltningsrevisjonsprosjekt som bør vere med i ein plan for forvaltningsrevisjon og kva selskap som skal prioriterast i ein eigarskapskontroll.

Korleis arbeidet skal bli gjennomført - plan

Sekretariatet har i dette kapitlet skissert gjennomføring av en modell for korleis vi gjennomfører risiko- og vesentlegheitsvurdering og utarbeidar planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Sentralt i modellen er identifikasjon av dei mest relevante områda for revisjon og eigarskapskontroll. Modellen støttar lovkrava til risiko- og vesentlegheitsvurdering som grunnlag for planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, jf. kommunelova.

2

Stegvis framgangsmåte og involvering

Vi ser for oss følgende hovedsteg i prosessen:

1	Tinging og innspel frå kontrollutvalet
2	Sekretariatet gjennomgår eksisterande overordna analyse og plan; fokus på gjennomførte revisjonar. Sekretariatet gjennomgår relevante dokument; m.a. årsmeldingar, kommuneplan, årsbudsjett med kommentarar, saker i kontrollutvalet, KOSTRA statistikk, GSI statistikk, fylkesmannen sine tilsyn, kommunestyrevedtak
3	Sekretariatet oppsummerer informasjonen og sender over til kontrollutvalet før arbeidsmøte i mars/april
4	Intervju i form av arbeidsmøte med administrasjon, pol. gruppeleiarar og KU i arbeidsmøte i mars/april. Ut i fra kartleggingane i steg 1-3 vert deltakarane utfordra på å vurdere kartlagte område ut i frå risiko og vesentlighet. Kontrollutvalet prioriterer risikoområde som avslutning på møta.
5	Sekretariatet utformar utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll med basis i steg 1-4.
6	Kontrollutvalet handsamer utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll på møte i mai eller juni og gjer eventuelle justeringar før innstilling til kommunestyret.

Om stega

Dei skisserte stega inneber ei samhandling mellom kontrollutvalet og deira sekretariat, politisk leiing og kommunen sin administrasjon.

Under steg 4 vil det utifrå vår erfaring vere tenleg at det vert konkretisert nokre sentrale omsyn/kriterier for korleis kontrollutvalet vurderar, analyserar og prioriterar dei potensielle områda for forvaltningsrevisjon. Mellom anna kan ein nytte følgjande overordna omsyn:

- liv og helse
- sikring av verdiar
- brukarrettar - oppfylling og kvalitet
- område med politisk aktualitet
- område med vurdert forbetringspotensiale i høve til m.a:
 - føremålseffektivitet
 - kostnadseffektivitet
 - produktivitet
- prioritert risiko frå tilbagemeldingar frå intervju

Dei sentrale omsyna har som føremål å letta og strukturera den vurderinga som kontrollutvalet skal foreta. I dette arbeidsmøtet skal sekretariatet fasilitera eit opplegg der deltakarane på ein utfyllande måte vil kunne vurdere og prioritere dei ulike områda som vert tekne opp.

Nærare om risiko- og vesentlegheitsvurderinga; prosess og område

Som det går fram av kommunelova §§ 23-3 og 23-4 skal planen vera basert på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Dette omgrepa er av PwC definert slik:

Vesentlighet – handlar om å identifisera dei viktige/sentrale områda for kommunen (og der igjennom viktige område for forvaltningsrevisjon). Identifiseringa skjer gjennom filtrering ved hjelp av ulike kriteria, mellom anna:


- kostra
- benchmarking
- brukarperspektivet
- økonomi
- aktualitet

Risiko – handlar om å identifisera sannsynligheten for at den kommunale verksemda ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utført. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- lovverk
- føremål og målsettingar
- organisering
- planverk og strategiar
- budsjett

Vurdering av vesentlighet og risiko


Den stegvise tilnærminga som skissert ovanfor tek utgangspunkt i den kommunale verksemda og tenestetilbodet. Skjematisk vil val av forvaltningsrevisjonsprosjekt bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlighet og risiko ved verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "trakterer" ut prosjekt. Dette kan illustrerast slik:



D) Val av prosjekt - plan for forvaltningsrevisjon

Vurdering og prioritering

Vurderingar, prioritering og val skjer i høve til ulike kriteria:




Døme frå skulesektoren

Eit grovkorna døme på denne tilnærminga kan knyttast til skulesektoren. Kommunen har ansvaret for grunnskulen. Opplæringslova inneheld både føremål og krav. Dette gjev føringar som den einskilde kommune må ta inn over seg.

For å etterleve desse føringane, må kommunen setje inn fleire former for input; t.d. ressursar, planlegging, organisering og eigne målsettingar. Dette for å kunne ta elevane gjennom skulegangen og utrusta den einskilde slik mål og formål for "sluttproduktet" tilseier.


I heile denne prosessen vil det ligge risiko for at mål og føremål ikkje kan overhaldast. Risiko handlar her om å identifisere sannsynligheten for at skuleaktivitet ikkje vert utøvd på den måten den skal utøvast på etter lovverk, planar, strategiar og budsjett mellom anna. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod.

Den skisserte tilnærminga er knytt til å finne dei vesentlege områda innanfor kommunen der risikoen for mangelfull verksemd og tenestetilbod i størst grad er til stades. Dette kan illustrerast slik:



Vurdering av sannsynlighet og konsekvens

Endeleg prioritering av områda for revisjon skjer etter ei vurdering av risiko i høve til sannsynlighet for inntreffing av manglar og konsekvens av manglar:



For PwC vil det bli vektlagt at modellen tar høgde for område og revisjonsprosjekt som har ein førebyggjande karakter. At eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på område der det potensielt ligg fare for at verksemda og tenestetilbodet ikkje er tilfredsstillande, t.d. i store byggeprosjekt.

Denne framgangsmåten og modellen er teoretisk forankra i statsvitenskap, organisasjonsteori og COSO ERM¹.

¹COSO – The Committee of Sponsoring Organizations of the Treadway Commission. ERM – Enterprise Risk Management.

Utforming av plan for forvaltningsrevisjon

Omfanget og innholdet i planen for forvaltningsrevisjon vil kontrollutvalet kunne styre slik utvalet finn det tenleg. I Sogndal har vi tidlegare gode erfaringar med å strukturere planen rundt følgende hovudpunkt:

1. Bakgrunn og føremål for planen
 - a. Lovmessig forankring og kontrollutvalet sin prosess
 - b. Omgrepa risiko og vesentlighet
1. Prioriterte område for forvaltningsrevisjon
 - a. Kort om kva som har vore kriterer for prioriteringa
 - b. Skildring av dei prioriterte områda
1. Gjennomføring, oppfølging og rapportering av forvaltningsrevisjon
 - a. Lovmessige krav og forslag til korleis desse vil bli tatt i vare
1. Vedlegg
 - a. Skildring av prosess
 - b. Identifiserte område
 - c. Prioriteringa av desse

Utforming av plan for eigarskapskontroll

Omfanget og innhaldet i planen for eigarskapskontroll vil kontrollutvalet kunne styre slik utvalet finn det tenleg. Norsk kommunerevisorforbund har utarbeidd ein veileidar for eigarskapskontroll. Me har valt ut følgjande tilrådingar frå denne om planarbeidet:

- Det er en fordel å samordne arbeidet med overordnet analyse og forslag til plan der selskaper eies av flere kommuner sammen.
- Den som utfører overordnet analyse må selv kvalitetssikre oversikten over kommunens eierskap.
- Oversikten bør inkludere alle aksjeselskap, interkommunale selskap, § 27- samarbeid som er egne rettssubjekter og samvirkeforetak.
- Analysen bør inkludere en gjennomgang av kommunens styringssystem for eierskapsutøvelse og vurdere risiko på bakgrunn av kjente erfaringer med dette.
- Det er en fordel å vurdere vesentligheten ved det enkelte eierskap som grunnlag for prioritering av risikovurderinger.
- Det bør legges mest innsats i risikovurdering for de selskapene med høyest vesentlighet.
- Hvilke kilder som benyttes bør prioriteres ut fra nytte og kostnad.
- Det kan vurderes om gjennomgående kontrolltemaer kan være aktuelle i tillegg til kontroller i enkeltselskaper.
- Analysen bør være offentlig.
- Plan for selskapskontroll bør som et minimum inneholde en prioriteringsliste over tema/selskap for selskapskontroll.
- Det kan være hensiktsmessig å beskrive flere selskapskontroller enn de som er prioritert.
- En fullstendig oversikt over kommunens eierskap bør følge planen. Overordnet analyse er en naturlig del av saksgrunnlaget og en framstilling av denne bør normalt følge planen.